

Hjelmåsen as
v/ Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 Hjelmås

Advokatkontoret Fløien
Att. Petter Rysst
pr@floien.no

1/11/2015

Reguleringsendring, Helleåsen, dykkar ref. PR 100434.

Vi forstår naturlegvis at dine klientar ut frå sine interesser har tatt eit standpunkt der dei set fram krav om å oppretthalde ein parkeringsfunksjon av tilfredsstillande kvalitet, no når det skjer endringar i infrastrukturen i området.

Saka har etter vårt syn 3 element:

1. Offentlegrettsleg del.

Etter prinsippa i PBL § 21.6 vil nok ikkje kommunen blande inn/ta stilling til privatrettslige forhold i ei slik mindre reguleringsendring som det her er snakk om. Det er difor ein god ting at dine klientar er innforstått med at a) reguleringsendringa skjer, og b) at vi ut frå jordskiftedommen i den andre parkeringssaka har ein tidsfrist å forholda oss til for gjennomføring.

2. Privatrettsleg del

Vi stadfestar på dykkar førespurnad av 27/10 2015, at vi held oss til den tinglyste avtalen frå 1992. Vi ser det slik at vi har gjort ei omskipling ihht Servituttlova §5, gjennom å forlengje «veg A» i 1992-avtalen nokre meter nærare dine klientar sin eigedom. Dette har som kjent skjedd utan protestar frå dine klientar i regulerings/bygge-prosessen, og vi ser difor på forlenginga som akseptert.

3. Teknisk kvalitet

«Veg A» er ut frå objektive kriteria forlengta, opparbeidd, masseskifta og gruslagt, med minst like gode eller betre overflate-, tilkomst-, snu-, utkjørsels- og siktforhold som tidlegare. Vi har også innhenta ein vegekspert sin uttale på dette, som vedlegg til søknad om reguleringsendringa

Framdrift

Vår plankonsulent får klarsignal i morgon for å levere inn saka til Lindås kommune, med parkeringsplass i området plassert slik som vist på den tidlegare tilsendte teikninga. Deretter går saka ihht dei kommunale prosedyrer med høyring, tilråding, vedtak osv.

